



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1892 - 15/31364

Saksbehandlar:

Christian H. Reinshol

Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:

02.10.2015

Oversending av innkomne merknader og uttale til høring av søknad etter akvakulturlova - Ospeneset

Me viser til høring av søknad etter akvakulturlova for utviding av akvakulturanlegg på Ospeneset. Søknaden har vore på høring og offentleg ettersyn i 4 veker og det har kome inn 4 merknader til søknaden. Merknadane er vedlagt.

Planstatus for det aktuelle tiltaket er at Lindås kommune har gjeve dispensasjon til etablering av 3 bur på den aktuelle lokaliteten. Dette vedtaket er påklaga av Fylkesmannen i Hordaland og klagen vart avvist av Lindås kommune. Klagesaka er no oversendt departementet for utnemning av settefylkesmann som skal ta endeleg avgjerd i saka. Når det gjeld dispensasjonssøknaden om 6 bur på lokaliteten, så er denne ikkje handsama av Lindås kommune. Handsaming av denne søknaden er sett på vent i påvente av avgjerdsle i klagesaka på søknaden om 3 bur. Lindås kommune vil soleis ikkje gje uttale til søknaden knytt til 6 bur, då dette arealet ikkje er klarert til akvakultur i Lindås kommune per i dag. Kommunen vil likevel kunne gje ein avgrensa uttale knytt til dei 3 bura som er tillate på lokaliteten.

Merknadane peiker på tilhøvet til utøving av friluftsliv og fiske i området, og at dette vil verte negativt påverka av ei utviding av akvakulturanlegget. Vidare vert det peika på at ulike faktorar ikkje er godt nok konsekvensutgreidd i søknaden. Tilhøvet til Storelva og tiltak for å verne denne vert trekt fram, og det vert peika på at fisk i Storelva er sterkt påverka av lakselus. Det vert vidare peika på at anlegget vert etablert i eit svært værutsett område og stilt spørsmålsteikn om det er føremålstenleg med oppdrettslokalitet i eit så værutsett område. Vidare er det stilt spørsmålsteikn ved om den samla miljøbelastninga for Fensfjorden er tilstrekkeleg utgreidd og at det bør førast ein restriktiv politikk for ytterlegare ureining til fjorden. Masfjorden kommune melder om at dei har fått informasjon om at ankerboltar er festa inn i nær strandsone i Masfjorden kommune, noko som kan tyde på at ankerfeste ikkje er plassert i samsvar med kartgrunlaget i søknaden. Det vert også stilt spørsmålsteikn ved om utvidinga legg til rette for vidare utviding av biomassen ved anlegget.

Lindås kommune vil kommentere aktuelle tilhøve knytt til dispensasjonen som er gitt for etablering av 3 bur på lokaliteten. Lindås kommune meiner fylkeskommunen må følgje opp tiltak knytt til Storelva og vurdere å pålegge avbøtande tiltak for dei ulike akvakulturlokasjonane som kan ha verknad på førekomst av

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



lakselus på fisken som går i Storelva. Vidare føreset kommunen at dimensjonering av ankerfeste og fortøyingar vert gjort i høve gjeldande krav knytt til denne typen anlegg for å sikre at havari av anlegget ikkje skjer på ny. Når det gjeld plassering av ankerfester vil kommunen be fylkeskommunen om å følgje opp merknaden frå Masfjorden kommune knytt til plassering av ankerfeste, og vil presisere at innrapportering av endelege koordinater for ankerfester er eit vilkår for dispensasjonen som er gitt frå kommunen. Kommunen vil elles vise til krav og vurderingar som er gjort i dispensasjonsvedtaket frå kommunen, og forventer at fylkeskommunen følgjer opp innhaldet i vedtaket.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Christian H. Reinshol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Merknader til høyring av søknad om utviding av akvakulturanlegg - lokalitet Ospeneset
Ospeneset versjon 2

Merknader til søknaden etter akvakulturlova - Utviding av akvakulturanlegg lokalitet Ospeneset

Merknader til søknaden etter akvakulturlova - Utviding av akvakulturanlegg - Ospeneset

Vedtak - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for etablering av akvakulturanlegg med 3 bur på lokalitet Ospeneset

Kopi til:

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk
AS

Hordaland Fylkeskommune

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 5981
2724

Masfjordnes

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen